

Riksrevisjonens undersøking av arbeidet til styresmaktene med å styrke tryggleiken i vegtunnelar

BAKGRUNN OG MÅL FOR UNDERSØKINGA

Samferdselsdepartementet har gjennom Statens vegvesen det overordna ansvaret for tryggleiken i norske vegtunnelar. I dei 1130 norske vegtunnelane blir det kvart år i gjennomsnitt registrert om lag 1300 uønskte køyretøystopp, 25 brannar og 15 tilløp til brann.

Undersøkinga tar for seg arbeidet til styresmaktene med tryggleiksforvaltning av vegtunnelar i perioden 2007–2015, basert på eit utval av 41 tunnelar som er vurderte som særleg risikoutsette. Det er sett på oppgradering av tunnelane i samsvar med tunneltryggleksforskriftene, utarbeidning av og innhald i risikoanalysar og beredskapsplanar, gjennomføring av øvingar og inspeksjonar, og informasjon til trafikantar om tryggleik i tunnelar.



Funn og tilrådingar

Manglar i tryggleiksforvaltninga av tunnelar:

Risikoanalysar tar i for liten grad opp særskilde risikoar ved kvar enkelt tunnel

- I eit fleirtal av dei risikoanalysane som er undersøkte, er det ikkje dokumentert og vurdert særskilde forhold ved tunnelane som kan påverke faren for uønskte hendingar.

Fleire tunnelar manglar brannøvingar

- I om lag halvparten av tunnelane i utvalet er det ikkje gjennomført brannøving – sju av desse er undersjøiske.

Tryggleiksforvaltninga er ikkje godt nok dokumentert

- Manglande og mangfull dokumentasjon av rutinar og prosedyrar og varierande bruk av forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldssystemet PLANIA gjer det vanskeleg å ha ei systematisk tunnelforvaltning.

Vegdirektoratet har ikkje sikra at trafikantar får nok informasjon om sikker åferd i tunnel

- Vegdirektoratet har ikkje sikra at trafikantane får informasjon om korrett åferd ved köyring i tunnel, kva tryggleksutstyr tunnelar har, eller kvifor det er viktig å bruke dette utstyret i naudssituasjonar.
- Oppgradering vil betre tryggleksutstyr i tunnelane, men nytta av dette er avhengig av at trafikantane har kunnskap om tiltaka og sjølvredning.

Overordna styresmakter har svak styring og oppfølging:

Vegdirektoratet har anten ikkje utforma eller oppdatert sentrale retningslinjer, rettleiarar og kvalitetssystemet


- Sentrale handbøker og rettleiarar for tunnelforvaltning er ikkje oppdaterte og gir ikkje regionane tydelege føringar for arbeidet deira med risikoanalysar og beredskapsplanar.

Vegdirektoratet har ikkje god nok informasjon for å følgje opp at tunnelar blir forvalta i tråd med lover og forskrifter

- Direktoratet får rapport om status for oppgraderingar, men har i liten grad informasjon som har med tryggleik og beredskap å gjere.
- For 6 av dei 41 undersøkte tunnelane er det ikkje lagt fram dokumentasjon på at det er gjennomført periodiske inspeksjonar dei siste seks åra.

Oppgradering av tunnelar har kome svært kort

- Som følgje av forskriftskrav skal både riks- og fylkesvegtunnelar oppgraderast fram mot 2019 og 2020. Viktige tryggleikstiltak vil ikkje vere på plass i alle tunnelane ved utløpet av fristane som er sette.



Riksrevisjonen rår til

at Samferdselsdepartementet sørger for at Vegdirektoratet

- bidreg til ei systematisk tryggleiksforvaltning av vegtunnelar ved å
 - oppdatere det faglege rammeverket for tryggleiksforvaltninga
 - utvikle ein felles rettleiar for beredskapsplanar
 - styrke oppfølginga av forvaltninga i regionane
- i samråd med naudetataane styrker kompetansen om brann og redning gjennom opplæring og brannøvingar, særleg i risikoutsette vegtunnelar
- tar i bruk vidare tiltak for å styrke kunnskapen til trafikantane om sjølvredning og tryggleksutstyr i vegtunnelar